

VEGETASJONSTYPANE (Vegetation types)

Sumpar og kjelder (Swamps and springs)

- 15. HØGSTORRSUMP (Tall sedge swamp). Sumpvegetasjon med høge grasvokstrar langs vassdrag.
- FATTIGKJELDE (Mesotrophic springs). Middels kravfull vegetasjon kring oppkomme med mjukt (kalkfattig) vatn.
- RIKKJELDE (Calcareous springs). Kalkkrevjande vegetasjon kring oppkomme med hardt (kalkrikt) vatn.

Myrar (Mires)

- 22. OPEN FATTIGMYR (Open poor fens). 23. SKOG- ELLER KRATTKLEDD FATTIGMYR (Wooded or scrub-covered poor fens). Myrar som får noko næringstilførsle også gjennom jordvatn. Nøysam vegetasjon.
- 24. OPEN MELLOMMYR (Open intermediate fens). 25. SKOG- ELLER KRATTKLEDD MELLOMMYR (Wooded or scrub-covered intermediate fens). Myrar med tilførsle av meir næringsrikt jordvatn enn fattigmyrane. Innslag av meir kravfulle artar.
- 26. OPEN RIKMYR (Open rich fens). 27. SKOG- ELLER KRATTKLEDD RIKMYR (Wooded or scrub-covered rich fens). Myrar med tilførsle av næringsrikt jordvatn. Kravfull vegetasjon.
- 28. OPEN EKSTREMRIK MYR (Open extremely-rich fens). 29. SKOG- ELLER KRATTKLEDD EKSTREMRIK MYR (Wooded or scrub-covered extremely-rich fens). Myrar med kalkrikt jordvatn og særskilte kravfull vegetasjon.

Fuktskogar (Damp forests)

- 33. BLÅBÆR-FUKTBJØRRESKOG (Damp Vaccinium myrtillus birch forest). Forsumpna skog med moderat næringstilgang. Blåbær og molte dominerer i feltsjiktet.
- 37. LÅGURT-FUKTBJØRRESKOG (Low herb damp birch forest). Forsumpna, urterik skog med god næringstilgang.
- 39. RIK FUKTBJØRRESKOG (Damp eutrophic birch forest). Forsumpna, frodig skog med særskilte nærings- og urter. Grasvokstrar og urter dominerer.

Fastmarksskogar (Forests on mineral soils)

- 41. KREKLING-BJØRRESKOG (Oligotrophic birch forest). Glissen bjørreskog med nøysame lyngvokstrar på magert jordsmønn.
- 43. BLÅBÆR/BREGNEBJØRRESKOG (Mesotrophic birch forest). Bjørreskog med blåbær og/eller bregnar i feltsjiktet. Typen blir delt i fleire undertypar. Dei to første finst ofte i så fin mosaikk at dei ikkje kan skiljast på kartet. I slike tilfelle står det berre 43 på kartet.
- 431. BLÅBÆRUTFORMING (Vaccinium myrtillus sub-type). Blåbærdominert undertype.
- 432. SMÅBREGNEUTFORMING (Small fern sub-type). Frodigare undertype der småbregnar, særleg fugleteig, dominerer i feltsjiktet.
- 433. STORBREGNEUTFORMING (Tall fern sub-type). Særleg frodig undertype der større bregnar (skogburkne og fjellburkne) dominerer i feltsjiktet.
- 434. FINNSKJEGGUTFORMING (Nardus stricta sub-type). Open bjørreskog der finnskjegg dominerer.
- 47. URTEBJØRRESKOG (Low herb birch forest). Artsrik bjørreskog med mange urter og grasvokstrar på næringsrikt jordsmønn.
- 49. HØGSTAUDEBJØRRESKOG (Tall herb birch forest). Særskilte frodig bjørreskog med dominans av høge urter og gras. På jordsmønn med god tilførsle av næringsrikt sigevatn.

Fuktenger og fuktheiar (Damp meadows and damp heath vegetation)

- 70. RØSSLYNGFUKTHEI (Damp Calluna heath). Forsumpna, røsslyngdominert hei på næringsfattig grunn.
- 76. LÅGURTENG (Low herb meadow). Engtype med mest lågvaksne grasartar og urter. På sandrikt jordsmønn.
- 78. RIK FUKTENG (Rich damp meadow). Oftast vekselvate enger langs vassdrag. Ofte med kratt av vier, og artsrik, høg urte- og grasvegetasjon.
- 79. HØGSTAUDEENG (Tall herb meadow). Frodige samfunn med høge, breiblaða urter og gras. På stader med næringsrikt sigevatn.

Fjellvegetasjon (Alpine vegetation)

- 80. GREPLYNG-RABBESIVHEI (Chionopobous Empetrum-heaths). Fattig dvergbuskvegetasjon på vindeksponerte stader med tynt snødekke. Oftast dominert av fjellkrekling.
- 84. MUSØYRESNØLEGE (Salix herbacea-snowbeds). Fattige dvergvier- og mosesamfunn med særskilte langvarig snødekke og ustabil jord.
- 852. RIKT DVERGVIERSNØLEGE (Salix reticulata and S. polaris-snowbeds). Dvergvier- og mosesamfunn på stader med langvarig - særskilte langvarig snødekke på kalkrik, oftast ustabil jord.
- 86. FATTIG ENGSNØLEGE (Low herb snowbeds, poor in calciphiles). Fattige lågurtenger på langvarig snødekt, oftast ustabil mark med overrisling/smeltvass-sig.
- 88. RIKE ENGSNØLEGER (Low herb snowbeds, rich in calciphiles). Rike lågurtsamfunn på middels til særskilte langvarig snødekt, kalkrik, stabil eller ustabil jord, gjerne med overrisling.
- 881. MODERATE - SEINE UTFORMINGAR (Late snow-free sub-type). Oftast samanhengande plantedecke og middels til langvarig snødekke.
- 882. EKSTREME UTFORMINGAR (Very late snow-free sub-type). Oftast usamanhengande plantedecke på særskilte framsmeltande og ustabil jord.

Berg og skredjordsvegetasjon (Rock and scree vegetation)

- 90. FATTIG BERGVEGETASJON (Poor rock vegetation). Berg i dagen med nøysame artar på hyller og i sprekker.
- 94. PIONERVEGETASJON PÅ SKREDSAND (Pioneer vegetation on scree sand). Glissent feltsjikt med både nøysame og kravfulle artar. Oftast tettare mosesjikt.
- 96. RIK BERGVEGETASJON (Rich rock vegetation). Berg i dagen med kalkkrevjande artar på hyller og i sprekker.

Annan vegetasjon (Other vegetation)

- TIDLEGARE BEITE- OG DYRKAMARK (Formerly grazed and cultivated areas).
- 00. PIONERVEGETASJON (Pioneer vegetation).



SYMBOL OG DEFINISJONAR
(Symbols and definitions)

Kvar kartlagt vegetasjonstype har fått eit nummer. For å bli kartlagt må typen dekke eit minsteareal på ca. 1 dekar.


TRESJIKT: Tre >2 m
BUSKSJIKT: Vedplantar 0,3–2 m
FELTSJIKT: Urter, grasvokstrar og vedplantar <0,3 m
BOTNSJIKT: Mossar og lav
SKOG: Kronedecke i tresjiktet >10 %
KRATT: Busksjikt dekkjer >20 %

Skog og kratt har symbol for tre- eller busksjikt etter nummeret. Alle artar som utgjer minst 1% av deknings av skog eller kratt er medteke. Dominerande art er namnt først.

Tre (trees)	Busker (shrubs)	Art (species)
o	*	bjørk (<i>Betula pubescens</i>)
	*	vier (<i>Salix</i> spp.)
	n	dvergbjørk (<i>Betula nana</i>)
	i	einer (<i>Juncus communis</i>)

- T TUVE (Hummock) Opphegde delar av myra der lyngvokstrar dominerer feltsjiktet. Botsjiktet har torvmossar, tuvmossar og lav.
- MATTE (Lawns and carpets). Slette delar av myra der feltsjiktet er dominert av grasvokstrar og urter. Mosesjiktet er tett.
- LAUSBOTN (Mud bottom). Delar av myra som har særskilte høgt grunnvannsnivå. Både felt- og botsjiktet har eit glissent og usamanhengande plantedecke.
- KULTURPÅVERKA VEGETASJON (Vegetation affected by agriculture).
- BERG I DAGEN (Bare rocks).
- SAND OG GRUS (Sand and gravel).
- UR (Scree).

- FARGAR**
(Colour code)
- Kvar av dei tre vegetasjonsseriane hei, eng og myr har fått eigen farge. Mørkare farge tone viser rikare type.
- HEISERIE (Heath series). Vegetasjonstypar der feltsjiktet har mest lyngvokstrar og låg grasvokstrar eller urter. Mosesjiktet er vanlegvis godt utvikla og har særleg furumose og etasjemose. Reinlevarar kan finnast. Dei fleste typane har podsoljordsmønn med råhusmus.
 - ENGSERIE (Grassland series). Vegetasjonstypar der feltsjiktet har mest grasvokstrar og urter, gjerne saftige, breiblaða artar. Mosesjiktet kan vera tett, men er ofte glissent i dei frodigaste typane. Brunjord med mold er dei vanlege.
 - MYRERIE (Mire series). Myr finst på våte stader der daude plantarrestar ikkje blir heilt nedrotne, men hopar seg opp som torv. Både lyngvokstrar (på tuvane), grasvokstrar og urter kan finnast. Dei fattigaste typane har torvmossar, medan dei rikaste har brunmossar.



VEGETASJONSKART STORMDALEN, Rana kommune Nordland

Utarbeidd av Egil Ingvar Aune og Odd Kjærem. Universitetet i Trondheim, Det Kgl. Norske Videnskabers Selskab, Museet, Botanisk avdeling, Trondheim 1977.

Feltarbeidet utført 1975 av: Egil Ingvar Aune, Bjørne Berre, Egil Forbord, Arnold Hestnes, Odd Kjærem.

Teknisk framstilling: DKNVS, Museet, Botanisk avdeling i samarbeid med Nordkart AS og Fjellanger Widerøe AS.

Oppdragsgivar: Direktoratet for Statskartverka.

